



Tor Andre Kjølraug
Moldekleivmarka 41 A
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6335 - 21/67536

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
12.10.2021

Søknad om oppføring av terrengmur vert avvist - gbnr 327/263 Moldekleiv

Administrativt vedtak. **Saknr: 1061/21**
Tiltakshavar: Tor Andre Kjølraug
Søknadstype: Søknad om tiltak utan ansvar


VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, jf. byggesaksforskrifta § 5-4, vert søknad om oppføring av terrengmur avvist. Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det er søkt om oppføring av terrengmur på eigedomen gbnr 327/263. Muren skal plasserast slik det går fram av revidert situasjonsplan datert 04.07.2021. Muren har ei høgd på inntil 4 meter. Minste avstand til nabogrense er oppgitt til 0,1 meter.



Det vert vist til søknad mottatt 06.07.2021.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplan for del av Moldekleiv gnr 27 bnr 75 m. fl., planid 1256 1978 0001, er sett av til byggeområde for bustadar, B1.

Det går fram av kommunedelplanen for Meland at reguleringsplanen gjeld med supplerings/ending av kommunedelplanen slik det går fram av føresegn 4.7.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Situasjonsplanen må målsetjast med avstand til veg og nabogrense.
2. Lengdesnitt av muren må sendast inn. Grenselinjer kan med fordel først på tverrprofil.
3. Søknaden er send inn før nabofristen er ute. Det må gjerast greie for om det ligg føre nabomerknader.
4. Mur er plassert i nabogrense mot gbnr 327/262 . Det må søkjast om dispensasjon frå pbl. § 29-4 for omsøkt plassering, eller dokumenterast at nabo har gitt samtykke til omsøkt plassering.
5. Tiltaket stettar ikkje krav til plan- og bygningslova (pbl) § 20-4, mindre tiltak som tiltakshavar sjølv kan stå ansvarleg for, men krev bruk av ansvarlege føretak, jf. pbl § 20-3. Erklæring om ansvar for funksjon som søkjar, prosjekterande og utførande må vera dekket.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. pbl § 21-2 og SAK10 § 5-4.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

- Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.
- Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endingar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tor Andre Kjørlaug

Moldekleivmarka 41 A 5919

FREKHAUG